

Saksbehandlar: Siri Merete Nedland, Opplæringsavdelinga  
Sak nr.: 12/6423-9

## Tilbod om International Baccalaureate (IB) som eit samarbeid mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og UWC Røde Kors Nordisk

**Fylkesrådmannen rår hovudutval for opplæring til å gje slik tilråding:**

**Hovudutval for opplæring rår fylkesutvalet til å gje slik tilråding:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune går ikkje inn i prosjektet om IB-tilbod til elevar frå Sogn og Fjordane saman med UWC Røde Kors Nordisk.
2. Sogn og Fjordane fylkeskommune held fram med å kjøpe IB-plassar i andre fylke etter søknad og individuell vurdering av søkjarane. Kjøpa skal skje på grunnlag av ein gjesteelevgaranti.

### Vedlegg:

1. Prosjektplan: Etablering av IB-linje i Sogn og Fjordane – Eit samarbeid mellom UWC Røde Kors Nordisk og Dale vgs.

---

## SAKSFRAMSTILLING

---

### Bakgrunn for saka:

Fylkestinget gjorde i sak 32/13 Internasjonal strategi for Sogn og Fjordane 2014-2017 slikt vedtak i punkt 2:

*Ungdomssatsinga knytt til vidaregåande opplæring vert vidareført. Det skal arbeidast vidare med sikte på å kunne tilby ungdom frå Sogn og Fjordane IB-plassar i samarbeid med UWC i Fjaler.*

### Kort om International Baccalaureate

International Baccalaureate (IB) er eit toårig universitetsførebuande opplæringstilbod som byggjer på greidd vg1 frå eit studieførebuande utdanningsprogram. Eksamen frå IB-lina kvalifiserer for opptak ved dei fleste høgare lærestader i verda. Undervisning, skriftleg arbeid, eksamen, lærebøker og anna studiemateriell er på engelsk, fransk eller spansk. Det er eksamen i alle fag ved slutten av det toårige løpet. IB-elevar fordjupar seg i 6 akademiske fag, og dei har i tillegg eit CAS-program (Creative, Active, Service) som inneber krav til sosialt engasjement.

### Tidlegare utgreiingar av IB-tilbod i Sogn og Fjordane:

Fylkesrådmannen greidde i 2009 ut kostnadene ved å etablere eit eige IB-tilbod i Sogn og Fjordane. Utgreiinga vart lagt fram for hovudutval for opplæring i samband med budsjett 2010 og økonomiplan 2010-13. (Sak 26/09, Skriv til drøfting nr.1, vedlegg 2) Hovudutvalet konkluderte med at det ikkje ville vere mogeleg å etablere og drive eit IB-tilbod innanfor eksisterande rammer, og utan store konsekvensar for opplæringstilbodet elles.

I arbeidet med skulebruksplanen vart eit IB-tilbod i Sogn og Fjordane drøfta i arbeidsdokument 4-12. Planutvalet slutta seg til fylkesrådmannen sin konklusjon om å ikkje greie ut etablering av eit eige IB-tilbod ved ein av dei vidaregåande skulane i Sogn og Fjordane som del av skulebruksplanen. Planutvalet ynskte heller ei vidare utgreiing av eit IB-tilbod knytt opp mot UWC, i samarbeid med Dale vidaregåande skule. Sidan fylkesrådmannen ikkje tilrådde eit IB-tilbod i framlegget til vedtak i skulebruksplanen, er det heller ikkje omtala i saka.

### **Oppfølging av vedtaket i Internasjonal strategi 2013-2017 (sak 32/13 i fylkestinget)**

Fylkestinget vedtok i punkt 2 at:

*Ungdomssatsinga knytt til vidaregåande opplæring vert vidareført. Det skal arbeidast vidare med sikte på å kunne tilby ungdom frå Sogn og Fjordane IB-plassar i samarbeid med UWC i Fjaler.*

I samsvar med dette har fylkesrådmannen på ny gjort ei vurdering av rammene for eit samarbeid med UWC Røde Kors Nordisk om IB-tilbod i Sogn og Fjordane.

Vurderinga byggjer på prosjektplan datert 07.04.2014 (vedlegg 1 til saka), som viser korleis opplæringa ev. skal organiserast, gjennomførast og finansierast.

### **Innhald i og organisering av prosjektet**

UWC Røde Kors Nordisk ønskjer med dette prosjektet å leggje til rette for at ungdom i Sogn og Fjordane skal få tilgang til miljøet og kompetansen som i dag finst i Flekke. Formelle samarbeidspartar er UWC og Sogn og Fjordane fylkeskommune, men prosjektet er tenkt gjennomført i nært samarbeid med Dale vidaregåande skule. Det skjer gjennom utveksling av lærarkrefter og opplæring på begge skulane. Prosjektet skal gå over tre år, frå og med skuleåret 2015-16, med to elevopptak. Prosjektet skal først evaluerast etter eitt år, og i tillegg når første kull er ferdig. Det vil vere plass til fem elevar i kvar gruppe, og UWC ønskjer 3 elevar som minimum for at prosjektet skal komme i gang.

Prosjektleder skal vere Arne Osland, utviklingsdirektør ved UWC. Det er vidare sett ned ei fagleg ansvarleg gruppe med representantar frå UWC og Dale vidaregåande skule. Ei rekrutteringsgruppe skal marknadsføre tilbodet i fylket. I tillegg skal prosjektet ha ei breitt samansett referansegruppe.

For fleire detaljar i prosjektet viser fylkesrådmannen til prosjektplanen.

### **Finansiering av prosjektet**

Næringslivet i HAFS garanterte i brev datert 23.04.2013 for eit tilskot på 500 000 kr til start av eit IB-tilbod i samarbeid mellom UWC og Dale vidaregåande skule skuleåret 2014-15. Fjaler Næringsutvikling har i brev 13.03.2014 stadfesta at garantien gjeld ut 2015. Det er ein føresetnad at midlane skal nyttast av Dale vidaregåande skule og UWC, til rekruttering og drift av IB-tilbodet i startåret.

Det går vidare fram av prosjektplanen at UWC har søkt delfinansiering av prosjektet med 500 000 kr hos Sparebanken Sogn og Fjordane. Tilskotet er førebels ikkje stadfesta. UWC ønskjer også å søkje INU-midlar med 1 700 000 kr. INU-midlane (interkommunal næringsretta utviklingsordning som kompenserer for auka arbeidsgjevaravgift i kommunane Førde, Flora og Sogndal, INU-FSF) skal bidra til utvikling av lokale og regionale næringsmiljø og innovasjonssystem som gjev betre vilkår for innovasjonsbasert verdiskaping. Handlingsplanen for INU-midlane 2014 skal handsamast i hovudutval for plan og næring 27.5. Midlane vert etter dette lyste ut.

Sogn og Fjordane fylkeskommune skal kjøpe elevplassane i prosjektet. Kostnaden pr. elevplass vil for fylkeskommunen i 2015 vere 120 000 kr. (indeksregulert, jf. prosjektplanen). Summen inkluderer alle aktivitetar knytte til opplæringa, undervisningsmateriell, ekskursjonar og prosjektveker. Det går fram av prosjektplanen at det er krav om minimum 3 elevar for at prosjektet skal setjast i gang. Det er plass til maksimum 5 elevar i dei planlagde gruppene.

### **Kostnader for fylkeskommunen**

Fylkesrådmannen har rekna på kostnadene med utgangspunkt i ein stykkpris på 120 000 kr, og med både 3, 4 og 5 elevar i gruppene. For ein prosjektperiode på tre år kan samla kostnad for fylkeskommunen illustrerast slik:

	Samla kostnader for fk med 3 elevar (minimumskrav)	Samla kostnader for fk med 4 elevar	Samla kostnader for fk med fulle grupper (5 elevar)
<b>År 1 (2015-2016)</b> Kull 1, vg2	360 000	480 000	600 000
<b>År 2 (2016-2017)</b> Kull 1, vg3 Kull 2, vg2	360 000 360 000	480 000 480 000	600 000 600 000
<b>År 3 (2017-2018)</b> Kull 2 vg3	360 000	480 000	600 000
<b>Samla i prosjektperioden</b>	<b>1 440 000</b>	<b>1 920 000</b>	<b>2 400 000</b>

Dei samla økonomiske konsekvensane for fylkeskommunen kan verte større enn det som går fram av tabellen ovanfor. Rammetilskotet til fylkeskommunane vert kvart år korrigert for endringar i talet på elevar i private og statlege skular på landsbasis («trekkordninga»). I tillegg vert det gjort ei omfordeling mellom fylkeskommunane («korreksjonsordninga»), ut frå talet på elevar i private og statlege vidaregåande skular. Ordninga byggjer på elevtalet to år tidlegare. Det er difor vanskeleg å få eit nøyaktig svar på kva økonomiske utslag t.d. tre elevar på UWC vil gje i høve dette.

### Kostnader for norske elevar på eit IB-tilbod på UWC

Det vil i følgje prosjektplanen koste om lag 7 300 kr pr. måned<sup>i</sup> å gå på UWC dersom ein vel eit døgntilbod med kost og losji. Skuleåret går over 9 månader. Samla kostnad for ein elev vert då om lag 65 700 kr. pr. år. Elevar som fyller vilkåra for bortevarstipend<sup>ii</sup> kan få 3 920 kr pr. måned<sup>iii</sup> i stønad frå Lånekassen.

### Elevstatus og elevrettar i prosjektet

Elevane vil ha formell status som elevar ved UWC Røde Kors Nordisk. Sidan skulen ikkje er godkjend etter norsk lovgeving, dvs. opplæringslova eller privatskulelova, har elevane ikkje rettar etter desse lovene.

### Formell godkjenning av utdanninga

International Baccalaureate Organization (IBO) skriv ut IB-diploma etter eksamen. Det er mogeleg å konvertere resultatata i eit IB-diploma til norske karakterpoeng.

### Utdanningsdirektoratet si vurdering av prosjektet

Fylkesdirektøren for opplæring sende den første prosjektskissa frå UWC til vurdering i Utdanningsdirektoratet. Utdanningsdirektoratet gav i brev datert 02.04.2013 tilbakemelding på fleire formelle sider som ikkje var avklara og ivaretekne. Utdanningsdirektoratet rådde også til at elevane ev. vart tekne inn som ordinære elevar ved UWC. Prosjektplanen frå UWC er no endra i samsvar med dette.

Utdanningsdirektoratet har vidare understreka at søkjarane må gjerast merksame på formalitetar og konsekvensar når dei vel eit IB-tilbod framfor eit ordinært vidaregåande tilbod etter opplæringslova med forskrifter. Dette gjeld mellom anna i høve til områda inntak, elevstatus, fag- og timefordeling, undervisningsspråk, eksamensordning, vitnemål, klagerett, skyss, spesialundervisning, lærarkompetanse, kostnader, gratisprinsippet, kost og losji og andre rettar.

### Konklusjon

Etterspurnaden etter ei IB-utdanning er liten i Sogn og Fjordane. Sidan 2010 har fylkeskommunen kjøpt plassar til 2 elevar på Bergen Katedralskole. Det er éin søkjar for skuleåret 2014-15. Kostnaden var 121 400 kr pr. elevplass i 2013. (Nyare satsar ligg førebels ikkje føre.)

<sup>i</sup> 2014-tal

<sup>ii</sup> Skulen må liggje meir enn 4 mil frå foreldreheimen eller ein må ha meir enn tre timar samla reisetid pr. dag

<sup>iii</sup> Sats for 2014

Det er elles fylkesrådmannen si erfaring at elevar som ønskjer å gjennomføre vidaregåande opplæring på eit United World College søker dette tilbodet i eit anna land, og at elevar som primært ønskjer ein IB-grad søker ein norsk vidaregåande skule som har dette tilbodet.

Fylkesrådmannen viser til saksutgreiinga knytt til skulebruksplanen, sak 26/13 i fylkestinget. Det går der fram at dei økonomiske rammene for vidaregåande opplæring vil bli knappare, og at ein må vere budd på større endringar og tilpassingar i opplæringstilbodet i åra som kjem.

Prosjektet må ev. finansierast innanfor rammene til vidaregåande opplæring. Dersom tre til fem elevar i fylket søker eit tilbod på UWC vil likevel ikkje det ordinære opplæringstilbodet kunne reduserast tilsvarande, då rekrutteringa vil vere spreidd, og frå heile fylket. Alternativet vert då å redusere opplæringstilbodet tilsvarande kostnadene med prosjektet. Snittkostnaden pr. gruppe er i dag rekna til 1 400 000 kr pr. år.

Fylkesrådmannen ønskjer avslutningsvis å understreke at initiativet frå UWC Røde Kors Nordisk er interessant og spennande, og at det viser at det er mogeleg å leggje til rette for alternative løysingar lokalt. I lys av den økonomiske situasjonen for fylkeskommunen meiner likevel fylkesrådmannen at det er viktigare å oppretthalde eit opplæringstilbod som når fleire elevar.

Med bakgrunn i vurderingane ovanfor vil fylkesrådmannen difor rå til at fylkeskommunen ikkje går inn i prosjektsamarbeidet om eit IB-tilbod saman med UWC Røde Kors Nordisk.

Fylkesrådmannen rår til at Sogn og Fjordane fylkeskommune held fram med å kjøpe IB-plassar i andre fylke etter søknad og individuell vurdering av søkjarane. Desse kjøpa vil skje gjennom ein gjesteelevgaranti, der det er krav om prestasjon/karakterpoeng.<sup>iv</sup> Søkjarane må då konkurrere på lik line med andre søkjarar.

---

<sup>iv</sup> Gjesteelevgaranti er ei ordning der det blir kjøpt plassar i andre fylke dersom eleven konkurrerer seg inn på bakgrunn av prestasjon/karakterpoeng. Fylkeskommunen kan òg kjøpe elevplassar i andre fylke etter avtale, utan gjesteelevgaranti. Søkjarane vil då få plass uavhengig av prestasjon/karakterpoeng.